



TORN & Rose

i eventyrland

NORDLAND
TEATER


TEATER
VESTLAND

TE
ATRE
TVÄRT

Storyline

gl'tch
studios

ARSHOW
staging dreams





KJÆRE MENNESKE FRÅ VERDA UTANFOR!

KORTID SAT DU SIST I SOFAEN og las eventyr med tende stearinlys og varm kakao? Torn og Rose er redde for at vi her ute har begynt å gløyme, fordi dei kan merke at krafta i eventyra er i ferd med å forsvinne. Desse to modige eventyrarane har difor sendt ut invitasjonar til alle oss her i Verda Utanfor, og du som sit og les dette, har teke imot innbydinga til deira storslegne omvising.

DET ER VI OG Torn og Rose veldig glade for. For i kveld treng Torn og Rose di hjelp i dette nye eventyret. Dei oppfordrar deg til å vere modig sjølv om du blir litt redd og stole på at det finst nokon som vil hjelpe sjølv når alt håp er ute. For viss vi samarbeider så kan vi få til kva som helst!

Å **BESØKE EVENTYRLAND** er ei uvanlig hending, og dette er ei framsyning som nyttar verkemiddel litt utan om det vanlege. Vi gjer nemleg noko ingen i Europa gjort før oss - vi blandar Auka Røynd (AR) med teater. Det gjer det mogleg for oss å lage ei skikkeleg spennande og morosam framsyning med både drakar, snakkande fear og levande fiskar på scena. Vi har hatt premiere og turne i Nordland og no har vi jobba enno meir her i Vestland og finpussa alle detaljane sånn at du og dei du har med deg på teater i dag skal få ei kjempegod oppleving.

«Ei framsyning som nyttar verkemiddel litt utan om det vanlege»

TORN OG ROSE MÅ KJEMPE mot både havmonster og drakar, men vi har heldigvis berre møtt hjelparar på vår veg i arbeidet vårt. Vi har hatt med oss ein heil hær av dyktige og snille menneske med kloke hovud. Difor gjer vi som Torn og Rose, vi held kvarandre i hendene og tar steget inn i eventyrenes og fantasiens verden og ønsker deg velkommen til å bli med oss dit!

Vi håpar at du og alle du er saman med får ein herleg kveld i Eventyrland!

Helsing

CECILIE, BIRGITTE OG KRISTIAN

Teatersjefar ved Teater Vestland, Nordland Teater og Teatret Vårt





EVENTYRLANDS SMA

EIN TEATERSCENE er eit magisk moglegheitsrom der fysiske lover kan opphevast ved hjelp av triks og tekniske innretningar. Ingenting er umogleg, og alt er lov. Slik har publikum verda over blitt fortrylla i mange hundre år av dei utrulegaste og mest grensesprengande illusionane.


DENNE FRAMSÝNINGA er eit stort eksperiment med utgangspunkt i tenk om, kva viss, og kanskje...? Ein flygande drake på scenen er blitt laga mange gongar. Men kva om ho levde, og spruta eld og hadde personlegdom? For mange er ikkje dette ukjent frå ei rekke filmar og seriar. Men korleis kan vi låne frå film, noko som kan opplevast i samspelet mellom skodespelarar og publikum i eit teater?

UTVIDA RØYNDOM, eller av mange betre kjent som augmented reality eller AR, er ein teknologi som gjer det mogleg å blande digitale modellar med den fysiske verda vi lever i. Dei aller fleste av oss bruker ulike former for AR dagleg, i alt frå Snapchat-filter og Pokemon Go til Postens mobilapp der du kan sjå storleiken på pakken du ventar på. Men teknologien er ikkje kome lengre enn at det er ei personleg oppleveling. Den er ikkje laga for at 200 andre skal sjå det same som deg. Det er det berre ARShow i Israel som har gjort før oss - i heile verda - då dei produserte framsyninga «Gulliver» i lag med Gesher Theatre i Tel Aviv i 2017.


IDEEN KAN KANSKJE virke enkel nok, men implikasjonane som følger er uhyre komplekse. Låt oss starte med skodespelarane på scenen. Dei er ikkje ekte «eventyrarar» frå Eventyrland som kan sjå avansert magi. Når dei skal hente månesteinen, eller kjempe mot Havsens herkarinne på havets botn, kan dei ikkje sjå alle dei magiske elementa som du, kjære publikum frå Verda Utanfor, kan sjå. Posisjonar, timing og interaksjonar

er øvd inn basert på rutenett av tape på golvet, indre rytme og repetisjon. Det same rutenettet har vi teikna opp i programvaren vi bruker for å skape animasjonane, slik at når Rose bles ut eit virtuelt stearinlys, så treff pusten hennar flammen og sløkker lyset. Dette skal klaffe på millisekundet, og alle 200 i salen skal sjå det frå kvart sitt unike perspektiv - samstundes. Om du deretter legg til at alle 200 i salen skal skyte piler frå hjartet mot det same virtuelle målet, så trur eg du kan aue omfanget av utfordringane som ligg bak.

ARSHOW HAR UTVIKLA teknologien som ligg til grunn. Den baserer seg på dataspelmotorar og simulatorar, men med eit unikt sett av



RTASIE OPPFINNING!



programvare for å kunne avvikle det i sanntid på ein scene. Utan samarbeidet med Sasha og Isaac kunne ikkje framsyninga vår ha blitt til, og vi har jobba saman med dei i snart to år for å vidareutvikle og tilpasse teknologien til våre behov.

ALT DET VIRTUELLE visuelle innhaldet er skapt i nært samarbeid med norske Glitch Studios. Den fantastiske staben deira, med teknologar og digitale kunstnarar, har jobba utrytteleg for å kome over alle hindringane vi har møtt på vegen. Ein definisjon på kreativitet kan vere å ta kjende storleikar og bruke dei på nye måtar. Det er ei passande skildring av deira bidrag. Draken Drakora er bygd opp av eit digitalt, anatomisk skelett med kjøt og hud og venger, som er gitt personlegdom gjennom rørsle og samhandling med skodespelarane. Alt må tilpassast eksisterande mobilteknologi og bandbredde, uten å gå på bekostning av høg kunstnarleg ambisjon.

EIN FILM UTAN LYD er inga engasjerande oppleving. Det same gjeld for ei teaterframsyning. Den fantastiske komponisten vår, Johann, har fanga eventyrlysta i oss alle og pumpar ho inn i hjarterytmen vår. Men alt det virtuelle innhaldet må òg ha sin auditive identitet, noko dei fremste på lydetterarbeid for film i Noreg har skapt for oss.

Lydavdelinga til Storyline Studios har teke opp lyden av arbeidshanskar for å skape vengeslag, og frå ingenting skapt alt frå lyden av havbotn til brennande lava. I motsetnad til film kan ingen av desse lydane ha ei bestemt lengde, sidan teaterscener har ulike lengder for kvar gong framsyninga blir vist. Til liks med alle andre som har bidrege i denne produksjonen, har dei måtte finne opp ein arbeidsflyt som passar inn i eit prosjekt som aldri har blitt gjort før.

TA SÅ ALT DETTE og pakk det på ein lastebil og reis på turné i eit område tilsvarande 25 % av Noregs samla landområde, med ny spelestasjon kvar einaste dag. Då får du i sum framsyninga du no er komen for å oppleve. Vi håpar eksperimentet blir teke godt imot, og ønsker deg ei eventyrleg reise inn i det ukjende.

ANDERS NYBO
produsent Torn
& Rose i Eventyrlend

NAPP UT
DET MAGISKE
MIDTSIDE-BILDE
OG HENG
OPP!

TORN & Rose

I eventyrland





Peder Låvås er utdanna skodespelar frå Westerdal og Bårdar Akademiet. Han har tidlegare hatt roller ved Fyllingsdalen teater og Teater Ibsen. Ved Teater Vestland har han blant anna spelt i «Gratis og uforpliktande verdivurdering», «Grevinna og hovmeisteren» og «Peter Pan – under den magiske månen». Peder er tilsett som skodespelar ved Teater Vestland.

Idun Losnegård har skodespelar-utdanning frå The Guildford School of Acting i England. Ho har medverka i ca 30 produksjonar ved Teater Vestland (og tidlegare Sogn og Fjordane Teater), i mellom anna «Mødrevariasjonar», «Raudhette og ulven», «Gratis og uforpliktande verdivurdering», «Jostedalsrypa», «På lokalet», «Evig ung» og «Alt det lyse og alt det mørke». Idun har også medverka i «Kinnaspelet» i mange år. Idun har vore fast tilsett ved Teater Vestland sidan 2019.





Carina Furseth

er utdanna
ved Statens teaterhøgskule.

Ho har hatt roller ved
Fyllingsdalen teater og i
Dyreparken i Kristiansand.
Ved Teater Vestland har
ho tidlegare spelt i «Jenta
med fyrtikkene», Gratis og
uforpliktande verdivurdering»
og «Mødrevariasjonar». Carina
er tilsett som skodespelar ved
Teater Vestland.







TORN & ROSE

Jewentylend

FRAMSYNINGSLENGD CA. 70 MINUTT
URPREMIERE 30. AUGUST 2023 PÅ NORDLAND TEATER
DRAMATIKAR OG REGISSØR CECILIE GRYDELAND LUNDSHOLT
SCENOGRAF OG KOSTYMEDESIGNAR BIRGITTE STRID
DRAMATURG KRISTIAN LYKKESEN STRØMSKAG
KOMPONIST JOHANN PRELL
LYSDESIGNAR VEGAR ANGEL ANDREASSEN
VIDEODESIGNAR DAVID LEJARD-RUFFET
LYDDESIGNAR YVONNE STENBERG
FOLEY-ARTISTAR KRISTOFFER ENDRESEN
ANIMATOR OG MATS LID STØTEN
PRODUSENT CENK KOKSAL
PRODUKSJONSSJEF OG SCENETEKNIKAR, NT ANDERS NYBØ
PROSJEKTLEIAR, GLITCH STUDIOS FRODE FRIDTJOFSEN
PRODUKSJONSrådgjevar, ARSHOW SAMI HAMID
AR-UTVIKLAR SASHA KREINDLIN
AR-DESIGNAR ONAT DÖKER
TEKNISK RÅDGJEVAR, ARSHOW HASAN ULAS SARIKAYA
EKSTRA PROGRAMMERAR ISAAC BAREL
PLAKATFOTO IGOR MASLO
DIGITAL PLAKAT/FILMTEASER BJØRN LEIRVIK
Foto STEIN STIE
DOKUMENTASJON, BLINK MEDIA JAN VON HOLLEBEN
SKODESPELARAR STEIN STIE
INSPISENT OG TURNÉLEIAR CARINA FURSETH, PEDER LAUVÅS,
REKVISITOR, NT LINDA BREAN MATHISEN (TURNÉ NORDLAND FYLKE),
LEIAR SYSTOVE, NT IDUN LOSNEGÅRD (TURNÉ VESTLAND FYLKE) OG
MASKØR, NT JOHANNA MØRCK (TURNÉ MØRE OG ROMSDAL)
SCENEMEISTER, SCENOGRAFI OG SNIKKAR, NT ISABELLA FLÄTT (NT), REIDUN STØFRING (TVL)
SCENEMEISTER OG SCENETEKNIKAR, TVL GRETE LARSEN OG SISSEL HEIEN
SMED, NT HALVARD LEIRVIK
AVVIKLER AUDIOVISUELL, NT ALEX CORNELIUS SØRENSEN
AVVIKLER LYS MAGNE JØSEVOLD
SCENETEKNIKAR SVEIN-YNGVE HAUKELAND
SJÅFORAR, TVL HERLOF ØVERDAL
AR-TEKNIKAR AKSEL BAKKEN (NT), ROBERT TOMKIEWICZ (TVL)
PLANSJEE, NT VEGAR ANGEL ANDREASSEN (NT), MAGNE GJERAKER (TVL)
TURNÉPLANLEGGJAR HALLDOR HORNE
PRODUSERT AV HALLDOR HORNE,
STOTTESPELAR, TVL ODD MAGNE HERLAND
JIM OVE MARTHINUSSEN
JIM OVE MARTHINUSSEN (NT),
FRIDA AVEN HØSTAKER (TVL),
HALVARD FIKS DAL (TV)
NORDLAND TEATER, TEATER VESTLAND
OG TEATRET VÅRT I SAMARBEID MED
GLITCH STUDIOS, ARSHOW OG
STORYLINE STUDIOS
KULTURDIREKTORATET







TORN & ROSE

i eventyrland

FØRDE NYNORSKHUSET 12.-14. OKTOBER	OS OSEANA KUNST- OG KULTURSENTER 21. OKTOBER	HØYANGERHALLEN 2. NOVEMBER
ETNE SKAKKE 17. OKTOBER	ÅRDAL KULTURHUS 25. OKTOBER	DALE FJALERHALLEN 3. NOVEMBER
KULTURHUSET HUSNES 18. OKTOBER	SOGNDAL KULTURHUS 26. OKTOBER	STRYN KULTURHUS 7. NOVEMBER
BØMLØ KULTURHUS 19. OKTOBER	NORDEFJORDEID OPERAHUSET NORDEFJORD 28. OKTOBER	SANDANE TRIVSELSHAGEN 8. NOVEMBER
ÅSANE KULTURHUS 20. OKTOBER	AURLAND IDRETS- OG SAMFUNNHUS 31. OKTOBER	MÅLOY NORDEFJORDHALLEN 10. NOVEMBER
	VIK BLIXHAU 1. NOVEMBER	FLORØ KULTURHUS 11. NOVEMBER

NORDLAND
TEATER

TEATER
VESTLAND

TE
ATRE
TVÄRT

LES MEIR OM
TORN & ROSE
HER:

